

Vedtekter for skulefritidsordningar i Sande kommune:

1. Sande kommune gjev tilbod om skulefritidsordningar utifrå søknader frå foreldra og det til kvar tid gjeldande budsjett på dette området. Tilboda vert koordinerte av skulefagleg ansvarleg, og er politisk tillagt Oppvekst- og kulturutvalet.

2. Formålet er å gje born i 1.-4. klasse eit trygt tilsynstilbod for dei foreldra som ynskjer det for sine born. Ordninga skal primært ivareta born sine behov for omsorg og leik.

3. Tilboda vert gjevne av skulen i skulen sin regi – og innafor dei rammer som skulen totalt sett disponerer. Rektor er ansvarleg for planlegging og drift, samarbeidsutvalet er styre for ordninga – og syter for ordningar knytt til måltid o. l.

4. Tilbodet kan gjevast for inntil 12 barn pr. assistent.

5. Opptaket vert gjort administrativt av rektor. OPK-utvalet er klageinstans. Prioritering ved opptak:

1. Elevar med særskilde behov. Sakkunnig vurdering må leggjast fram.
2. Elevar der foreldre/ føresette er einslege eller begge er ute i arbeid
3. Yngre elevar framfor eldre.

6. Foreldrebetaling vert årleg fastsett av kommunestyret. Syskenmoderasjon er 25% for barn nr 2, 50 % for barn nr 3, og 75 % for barn nr 4. og fleire.

Foreldrebetalinga inkluderer ikkje matpengar og kostnader ved aktivitetar som td ekskursjonar.

Foreldra skal varslast om endringar i foreldrebetalinga to månader før endringa trer i kraft.

Ved manglande foreldrebetaling kan kommunen ta eit barn ut av skulefritidsordninga (vanlegvis etter 2 mnd.). Dette vert gjort etter gjeldande reglar fastsett av rådmann og kommunekassa, der ei heilheitsvurdering blir føreteke (varigheita av manglande foreldrebetaling, størrelsen på beløpet, sikkerheita m.m.).

Ved for sein betaling vert det vist til lov om renter av 17.12.76 nr. 100, samt inkassoloven av 13.5.88 nr. 26 med forskrift fastsett i kgl. res. av 14.7.89.

7. Eventuell skyss er foreldra sitt ansvar anna enn i tilfelle der eleven av særskilde grunnar har slik rett.

8. SFO fylgjer skuleåret dersom ikkje anna er bestemt.

Foreldre skal gi melding om evt fråvær.

Rektor er ansvarleg for årsmelding.

9. Born får plass for eitt år om gongen. Oppseiingstida er ein måned, og oppseiing skal skje skriftleg. Unntak kan gjerast av Rådmannen dersom det finst særskilde grunnar for det. Dersom ein tek ut barn etter 1.4. må ein betale for heile skuleåret. Etter avtale med skulen kan ein kjøpe ekstradagar eller timar dersom det er ledig kapasitet til dette.

10. Leike- og opphaldsareal blir regulert av skulen sine disponible lokale og uteområde. Desse skal vere tilrettelagt slik at dei er eigna for formålet.

Vedtektene vart vart godkjende i Oppvekst- og kulturutvalet i sak 16/ 07, korrigererte i sak 26/97

Vedtektene vart reviderte Oppvekst- og kulturutvalet i sak 02/08.